

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
020/20	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	17.11.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/4837

### Orienteringssak

#### Vedlegg:

Tilrettelagt arbeid

#### Framlegg til vedtak:

### Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 020/20

#### RMNF - behandling:

Rådet diskuterte det innspelet som var sendt ut med innkallinga, om "Tilrettelagt arbeid for brukarar i Austrheim kommune".

Ann Kristin Leirvåg sa at dette er nokon som vil verta betre når det vert tilsett ein eigen leiar som skal ha ansvaret for arbeidssenteret. Dette er ei vernepleiarstilling med ansvar for arbeidssenteret og Vestlia. I dag går desse arbeidsoppgåvene på omgang.

Anny Sætre Bertelsen viste til at dette var noko flytande no. Må ha på plass timeplan og system.

Odd Sigvald Øksnes sa at det er viktig at det må vera eit mål og ei meining med arbeidet på arbeidssenteret, at det ikkje vert ei oppbevaring dette. Kan gjerne sjå på andre produkt enn det ein lagar i dag.

Mette Ekornrød spurte om det er skilje mellom heim og arbeidssenter, Ann Kristin Leirvåg sa at det er same personalet begge stader, det er ein del som treng personalet med seg. Ekornrød sa vidare at det er bra om ein får eit skilje mellom heime og jobb.

Odd Sigvald Øksnes spurte om det er mogleg å sjå på andre lokale, kanskje i Mastrevik, der ein kan ha andre aktivitetar. Anny Sætre Bertelsen sa at det gjerne kan vera andre lokale, og dette støtta også Ann Kristin Leirvåg.

Anny Sætre Bertelsen sa at det er diskutert i NFU om ein kan få produsert andre typar produkt enn i dag, kanskje med ei utstilling. Bertelsen sa vidare at ein gjerne kan sjå kva andre tilrettelagde bedrifter produserer, for å henta idear. Om dette sa Mette Ekornrød at "Arbeid for alle" i Kvinnherad har eit omfattande sortiment på det dei lagar.

Ann Kristin Leirvåg viste også til at tilrettelagde bedrifter andre stader har oppgåver for ordinært næringsliv.

Det vart spelt inn at ein kunne sjekka med tilsvarande bedrifter som Knarvik industri og Miljø (KIM) i Knarvik, og Gløde på Frekhaug korleis desse jobbar, og med private bedrifter som Mongstad Tavleteknikk eller Tess om dei har oppgåver som kan løysast på arbeidssenteret.

Vidare vart det sagt at vedkommande som vert tilsett for arbeidssenteret bør ha base på arbeidssenteret, for å sikra at ein får vektlagt dette og ikkje berre Vestlia.

Ann Kristin Leirvåg sa at ein gjerne ha idear og tankar om denne stillinga før vedkommande vert tilsett.

Anny Sætre Bertelsen sa at det bør vera ein individuell plan for den enkelte brukaren, som legg til rette for den enkelte.

RMNF tar eit nytt møte tysdag 1. desember klokka 15.15, for å følgja opp denne saka om arbeidssenteret vidare, med tanke på mål og meinung for dei som brukar senteret. Anny Sissel Bertelsen tar dette med seg til NFU sitt lokallag, slik at dei kan komma med innspel for denne saka.

Møtesekretæren får i oppgåve å varsle rådmannen om at RMNF har tankar om bruken av arbeidssenteret, og vil komma med eit innspel på dette etter møtet 1. desember.

Handsaming i rådet:

Rådet jobbar vidare med denne saka i møtet 1. desember.

#### **RMNF - vedtak:**

Rådet jobbar vidare med denne saka i møtet 1. desember.

#### **Saksopplysninger:**